



Time kommune
Postboks 38
4349 Bryne

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Førehandsvarsel: Q-meieriene AS avd. Jæren Gårdsmeieri i Klepp kommune, kunngjering av søknad om løyve etter forureiningslova

Q-meieriene AS avd Jæren Gårdsmeieri (Q-meieriet), bedriftsnummer 979 567 308, har søkt i samsvar med §§ 11 og 16 i "Lov om vern mot forurensninger og om avfall" av 13. mars 1981 nr. 6, med endringar seinast av 15. mars 2002, om nytt løyve til drift av meieriet på adressa Bedriftsvegen 21 på Klepp stasjon i Klepp kommune. Avlaupsvatn vil bli ført til pumpestasjon ved Klepp Stasjon og pumpa til Bryne der det blir ført vidare til reinseanlegget som IVAR IKS driv på Vik i Time kommune. Ved maksimale utslepp kan utsleppet svara til over 40 000 p.e. Eit nytt løyve vil bli tilpassa krav i IPPC-direktivet og det vil også bli stilt krav til utnytting av vatn og energi. Det vil også bli vurdert om det er tilgjengeleg kapasitet på Vik reinseanlegg. Merknadar og kommentarar bes sendt Fylkesmannen innan 15. august 2014.

Me syner til vedlagte søknad frå 2009 og oppdatering av søknadsopplysningar pr. e-post 27. mai 2014. Gjeldande løyve blei gitt 26. september 1997. Seinare auke i utsleppa til kommunalt nett som følge av utvidingar, skulle regulerast i eit påsleppsløyve utforma av kommunen.

EUs Rådskildirektiv 91/61 EF¹ om integrert førebygging og avgrensing av forureining (IPPC²-direktivet) krev at eksisterande verksemdar over ein viss storleik skulle tilpassa drifta til krava i direktivet innan 31. oktober 2007. Det skal då sendast IPPC-rapport til forureiningsstyresmaktene om utførte tiltak eller plan for tilpassing. Alternativt kan plan for tilpassing presenterast i ny søknad om løyve. Då det etter kvart var aktuelt med nye utvidingar hjå Q-meieriet i 2006, bad Fylkesmannen om ny søknad for å formelt tilpassa meieriet sin status til krava i direktivet. Ny søknad er datert 3. november 2009, men ut frå ressursomsyn har ikkje sakshandsaminga blitt satt i gang. Av denne grunn er det bedt om oppdaterte opplysningar, jf. vedlegg. Fylkesmannen har vurdert det slik at søknaden kan høyrast. Eit nytt løyve vil erstatta det gamle som blir oppheva.

Meieriet har ikkje IPPC-rapport, men eit nytt løyve vil bli tilpassa krav i IPPC-direktivet. Det blir satt fristar for tilpassing. Før løyve til nye utvidingar blir gitt, må det avklarast om det er god nok kapasiteten ved reinseanlegget på Vik som IVAR IKS driv, eller om reinseanlegget vil bryte utsleppsrammene i løyvet sitt.

¹ <http://www.klif.no/Regelverk/EU-EOS-regelverk/EU-direktiver/IPPC-Direktiv-om-integrert-forebygging-og-begrensning-av-forurensning/>

² IPPC: Integrated Pollution Prevention and Control

Innhaldet i søknaden:

Det blir her gjort kort greie for utsleppet det er søkt om, jf. kapittel 36 – ”Behandling av tillatelser etter forurensningsloven”, i ”Forskrift om begrensnig av forurensning (forureiningsforskrifta)”, av 1. juli 2004, og innhaldet i søknaden elles:

Type verksemd:

Meieridrift med produksjon av juice.

Lokalisering:

Bedriftsvegen 21, 4353 Klepp Stasjon i Klepp kommune, gnr. 8, bnr. 255/266 i Klepp kommune. Området er regulert til slik industri.

Verksemda gjelder:

Meieridrift med produksjon av konsummjølk, syrna og smakstilsett mjølk, fløte, Skyr, yoghurt og rømme. Juice er ein tilleggsproduksjon. Type og mengd produkt går fram av søknadsoppdateringa, jf. også pkt. 3.1 i søknaden. Det blir i dag nytta om lag 85 000 m³ mjølk og 170 000 m³ vatn årleg, men det blir planlagt å nytte om lag 115 000 m³ mjølk og 220 000 m³ vatn årleg.

Brukstid:

Ca. 15 timar i døgnet i tapperi/begerproduksjon og 24 timar i døgnet i skummesal. Det er ikkje produksjon frå fredag midnatt fram til 16:00 søndag. Det er produksjon 128 timar per veke og 280 døgn i året.

Forureiningsproduksjon:

Det er i utgangspunktet søkt om utslepp av avlaupsvatn på opp mot 18 m³/time og i snitt (pr. i dag) ca. 225 m³/døgn. Registreringar syner at avlaupsmengdene kan komme opp i over 400 m³/døgn og 35-40 m³/time. Avlaupet kjem frå produksjon og især reingjering som i hovudsak går føre seg frå 21:00 til 03:00. Ved utviding av begeravdelinga kan avlaupsmengda auke med 30 % årleg.

Den mest markante forureininga i avlaupsvatnet er organisk stoff. Til vanleg blir dette målt som oksygenforbruket ved biologisk nedbryting over 5 døgn (BOF₅). I dette tilfellet ligg den gjennomsnittlege BOF₅-verdien på 6100 mg/l. Ved gjennomsnittsavlaup utgjer dette ca. 1370 kg/døgn og svarar til eit gjennomsnittleg utslepp på omlag 23 000 personekvivalentar (p.e.). Ved maksimale utslepp kan BOF₅-utsleppet bli over 2400 kg/døgn eller svarande til omlag 40 000 p.e. Meieriet vil også ha utslepp av feitt og suspendert stoff. Utsleppskonsentrasjonane til desse stoffa er så langt ukjende. Avlaupet blir ført til kommunalt nett og vil ha mykje å seie for belastninga på Vik reinseanlegg i Time og utsleppet frå dette. Reinsekravet til Vik reinseanlegg inneber bl.a. at BOF₅-mengda i avlaupsvatnet blir redusert med minst 70% av det som blir ført til reinseanlegget eller at utslepps nivået ikkje skal overstige 25 mg O₂/l. Ein auke i avlaupsmengde pga. ny begeravdeling kan føre til noko lågare konsentrasjon av organisk stoff.

Det vil bli utslepp av avgassar frå brenning av naturgass. Det er varsla at ny installert effekt i 2014 vil bli 2 x 2 MW fordelt på ein varmtvasskjel på 2MW og ein dampkjel på 2 MW. Årsforbruket av gass i 2013 svarte til ca. 6,85 GWh, noko som er i samsvar til det forbruk som det opphavleg er søkt om. Søknaden gjer greie for storleiken på utsleppa ved brenning av naturgass og kvar utsleppet kjem. Utsleppet frå slike fyringsanlegg og krav til naudsynt pipehøgde, blir nå regulert av forureiningsforskrifta si kapittel 27 om reine brenslar.

Med normale reinhaldsrutinar er det ikkje venta luktulempar frå meieridrifta, men i eit løyve vil det bli satt krav til utsleppskonsentrasjonar av lukt.

Kjølevatn:

Kjølevatn blir leia til overvassnettet og hamnar i Frøylandsvatnet. Temperaturhevinga på sjølve utsleppet er opphavleg vurdert til å bli om lag 10 grader og mengda var opphavleg satt til 20 m³/time. Det blir opplyst at kjølevassutsleppet i 2013 var 4660 m³.

Energitilhøve:

I tillegg til bruk av gass, har meieriet nytta ca. 5,16 GWh elektrisk energi i 2013. I april 2014 blei det sett i verk ein plan for attvinning av varme og det er rekna med innsparing av ca. 4 GWh årleg. Planen inkluderer lagring av varmt kjølevatn og utnytting av forbruksvann frå CIP-stasjoner.

Støy:

Aktuelle støykjelder er vifteanlegg i samband med kjøling og biltrafikk. I eit løyve vil det bli satt støygrensar som er i samsvar med grensene i forureiningsforskrifta sitt kap. 5. I eit løyve vil det også bli satt krav til støy frå kjølemaskineri på kjølebilar.

Eksisterande og planlagde reinsetiltak:

Det er opplyst at meieriet har to feittutskiljarar som skil ut feitt frå eit avlaup i nordre og eit i søre enden av bygget. Det er ein utjamningstank på avlaupet til den søre utskiljaren, noko som bidreg til å jamne ut pH og temperatur. Meieriet er usikre på storleiken til utskiljarane og det manglar analyser av feittinnhaldet i avlaupsvatnet. I eit løyve vil det bli lagt vekt på at slike utskiljarar ikkje blir overbelasta hydraulisk og at temperaturen er låg nok. Oppdatert informasjonar om verksemda syner at temperaturen til avlaupsvatnet varierer mykje. Meieriavlaupet skal til slutt reinsast biologisk i aktivt slam reinseanlegg ved Vik som er drive av IVAR IKS.

Som IPPC-verksemd skal meieriet, som ein integrert del av drifta, implementere dei best tilgjengelege teknikkane (BAT) som finnest for å kontrollere, førebyggje og avgrense forureiningar. Det er ikkje laga IPPC-utgreiing som skildrar korleis allereie utførte tiltak harmoniserer med krava og kva tiltak som må setjast i verk. IPPC-krava vil vere sentrale i eit løyve.

Utslepp til luft vil ikkje bli reinsa, men utsleppskonsentrasjonar og pipehøgde blir bestemt av forureiningsforskrifta si kapittel 27 om reine brensler.

Anna:

Vedlegg til søknaden gir eit oversyn over innsatsmiddel som meieriet nyttar i produksjonen saman med informasjon om handtering av avfall. Det er laga ein beredskapsplan, rutine for prøvetaking/driftskontroll og klimarekneskap. Det blei gjennomført optimalisering av CIP-prosessane i 2006 og 2009, og det er venta ein reduksjon i forbruket av vatn på 20 - 25 prosent når ny CIP-stasjon blir satt i drift hausten 2014. Flytskjema om produksjonstilhøve er merka fortrulig og blir ikkje offentleggjort.

Fylkesmannen sine merknadar:

Fylkesmannen har fleire kommentarar til søknaden og desse er sendt Q-meieriet direkte. Dette brevet er lagt ved som eit vedlegg ved høyringa. Det er bedt om nokre avklaringar innan 10. august. Om naudsynt vil Fylkesmannen leggja ut opplysningane på sine nettsider.

Offentleg kunngjering:

Fylkesmannen vil sørgje for at søknaden vert kunngjort i Stavanger Aftenblad og Jærbladet. Dette skjer i samsvar med kapittel 36, om behandling av løyver etter forureiningslova, i "Forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften)", av 1. juli 2004. Utgiftene i samband med kunngjeringa skal dekkast av søkjar. Søknaden blir også lagt ut på Fylkesmannen sine heimesider på <http://www.fylkesmannen.no/rogaland> under miljøvern, høyring.

Utlegging til offentlig gjennomsyn:

Vedlagt er eit eksemplar av søknaden med vedlegg og me ber om at den blir brukt til utlegging. Dokumenta i saka skal leggjast ut til offentlig gjennomsyn i samsvar med sakshandsamingsforskriftene § 6, frå den dato kunngjeringa finn stad. Fylkesmannen ber kommunen sørge for at dokumenta vert lagt ut til offentlig gjennomsyn ved Teknisk etat eller ved ein høveleg stad. Det kan også visast til Fylkesmannen sine nettsider der det blir lagt ein kopi:

<http://fylkesmannen.no/Rogaland/Hoyringar>

Frist for uttale er sett til **20. August 2014**. *Privatpersonar, råd og interesseorganisasjonar bes sende kopi av fråsegner til kommunane og fylkeskommunen.*

Uttalar - kommunal slutthandsaming:

Kommunen og fylkeskommunen vert beden om uttale seg til søknaden eventuelt saman med seinare tilsendte opplysningane. Det bes også om at det blir henta inn nødvendig uttale frå kommunale og fylkeskommunale organ i den utstrekning desse finn trong for det. Kommunen sin uttale bør gi opplysningar om eventuelle lokale tilhøve som er mangelfullt utgreidd og om lokale/regionale tilhøve som kan verke inn på avgjerda om utsleppsløyve.

I tillegg blir kommunen beden om å varsle naboar som saka gjeld, samt eventuelle lokale avdelingar av kjende organisasjonar med særleg interesse i området. Fylkesmannen ynskjer å få tilsendt namn og adresse på dei varsla naboane.

Eventuelle råd og interesseorganisasjonar på fylkesnivå eller sentralt plan blir varsla av Fylkesmannen ved kopi av dette brevet. Desse instansane bes sende kopi av fråsegner til kommunen og fylkeskommunen.

Med helsing

Marit Sundsvik Bendixen
ass. fylkesmiljøvern sjef

Kristian Solberg
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Kristian Solberg
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 28
E-post: fmrokso@fylkesmannen.no

Vedlegg:

1. Kopi av søknad
2. Spørsmål pr. e-post 9. april 2014 ang oppdatert søknad
3. Oppdaterte søknadsopplysningar pr. e-post 6. juni 2014.
4. E-post 23. juni 2014 med leidningskartverk og flytskjema for avlaup
5. Fylkesmannen sine kommentarar i brev datert 24. juni 2014

Likelydande brev, inkl. vedlegg, til:
IVAR IKS
Rogaland fylkeskommune
Klepp kommune
Time kommune

Kopi til:

Jæren friluftsråd	Nikkelvn. 4	4313	SANDNES
NJFF Rogaland v/ K.O. Våg	Postboks 313	4291	KOPERVIK
Naturvernforbundet i Rogaland	Pb 441	4002	STAVANGER
Fiskarlaget Vest	Pb 4091 Dreggen	5835	BERGEN
Q-Meieriene AS avd. Jæren Gårdsmeieri	Bedriftsvegen 21	4353	KLEPP STASJON